

Det Kongelige Kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
N-0030 Oslo

21/3571 Høyring - forskrift for tilskot til frivilligsentraler

Høyringsvar frå Åseral Frivilligsentral

Åseral Frivilligsentral vart starta i 2014 takka vere dåverande reglar om tilskot til frivilligsentralar. Sentralen er organisert som ei foreining, med 9 lokale foreiningar i Åseral som medlemsforeiningar, og godt samarbeid med kommunen. På denne måte er sentralen godt forankra i det frivillige organisasjonslivet og i kommunale instansar. Sentralen har eigne vedtekter i samsvar med gjeldane retningsliner då sentralen vart oppretta. Tilskotsordninga på det tidspunkt var forutsigbart og fungerte godt. Dersom endringa til eit reint innbyggartilskot hadde gått igjennom ville ikkje Åseral Frivilligsentral ha eksistert i dag.

Åseral Frivilligsentral foreslår at tilskottet til frivilligsentraler vert gjeve etter Modell 1. Fordelinga etter same prinsipp som før 2017 med ein fast sum til kvar frivilligsentral viste seg å fungera godt i praksis. Den var enkel og forutsigbar.

Denne modellen er den einaste som oppfyller målsetjinga om minst ein frivilligsentral i kvar kommune, andre modellar vil kunna føra til nedlegging. Den er og i tråd med Stortinget sitt vedtak om å sikre finansiering til frivilligsentralar i både små og store kommunar.

Til Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler foreslår vi modell 1 både i § 4 og § 5.

Åseral, den 12.11.21

Åseral Frivilligsentral
v/Styreleiar Arna Berg